

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
<b>Møtestad:</b>	,Fjernmøte / video
<b>Dato:</b>	25.11.2020
<b>Tid:</b>	09:00-16:10

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mona Høgås	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø	Medlem	H
Kristensen		
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Samson Hamre	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## **Godkjenningssaker**

GK 21/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Møteinkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 22/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 4. november 2020

Møteprotokoll frå møte 4. november vart godkjend utan merknader.

## **Referatsaker**

RS 86/20 Fastsett planprogram for E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle

Utsett.

RS 87/20 Oppfølging av rådsforordning ulykke i Raunekleivtunnelen 2017.

Utsett.

RS 88/20 Atløysambandet - status og framdrift

Utsett.

RS 89/20 Rammeplan for avkørsle og dispensasjon frå byggegrense

Utsett.

RS 90/20 Gjennomgang av regelverket om skiltmynde

Utsett.

RS 91/20 Kvinnherad kommune - innspel til nullutsleppspilot

Utsett.

RS 92/20 Orientering om arbeid med ein mogleg Austevollpakke

Utsett.

RS 93/20 Askøypakken - Status og moglegheit for vidareføring av pakken

Utsett.

RS 94/20 Orientering om BT5 Bybanen til Åsane - skisefase dagalternativ

Utsett.

RS 95/20 Brev frå Austevoll senterparti om ferjesituasjonen

Utsett.

RS 96/20 Båtanbod Sogn og Fjordane - Status

Utsett.

## Skriftlege spørsmål

### SI 68/20 Spørsmål frå Høgli (MDG ) - Fartsgrensa på Fv. 5671 ved Håland, Fjaler kommune

Representant Mona Høgli har stilt desse spørsmåla:

1. «*Vil fylkesdirektøren ta initiativ overfor Statens Vegvesen for å få senka fartsgrensa på fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune?*
2. «*Vil fylket raskt utføre som punktutbetring tiltak 1 (Møteplass og omlegging av veg) i planen for Fv.393 (no Fv.5671), vedteken i 2013, som vil gjøre fylkesvegen forbi Vassdalsvegen 27 og skulevegen til henteplassen tryggare?»*

#### Svar frå fylkesdirektøren

1. Statens vegvesen gjorde ei vurdering av fartsgrensa på fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune i september 2019 (saksreferanse 19/230046-2). Dei kom fram til at det ikkje var grunnlag for å endre gjeldande fartsgrense, og at det ikkje ville vere i tråd med gjeldande fartsgrensekriterium å setje ned fartsgrensa.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka som gjer at det er grunnlag for ei ny vurdering. Vi vil såleis ikkje fremje sak til Statens vegvesen om endra fartsgrense på fv. 5761. Det er Statens vegvesen som har mynde til å gjere vedtak om fartsgrenser etter vegtrafikklova også på fylkesveg.

Høgli viser òg til at fartsgrensekriteria opnar for å setje ned fartsgrensa gjennom næringsområde. Vidare peikar ho på at det ligg eit industriområde omlag 850 meter frå Håland, og om fartsgrensa vert sett ned der vil det vere naturleg å forlenge fartsgrensa forbi Håland.

Det er rett at kriteria opnar for å setje ned fartsgrensa på veg som går gjennom industriområde, dersom det ligg i tettbygd strøk eller i by. Det er ikkje tilfelle her.

2. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg legg til grunn at planen det er vist til, er *Reguleringsplan for fv. 393* med planident 201301. I denne planen er fylkesvegen ved Vassdalsvegen 27 lagt om, slik at det vert ein større, jamn sving i staden for to mindre svingar. Det er ikkje sett av midlar til å gjøre dette tiltaket i budsjettframlegget for 2021. Fylkesdirektøren meiner at dette er eit såpass kostbart tiltak at det eventuelt må setjast av midlar til det i komande budsjettprosessar. Tiltak på fv. 5671 vil og måtte bli vurdert opp mot andre tiltak på fylkesvegnettet.

### SI 69/20 Spørsmål frå Framnes(FRP)- kostnad ferje nr 2 til Austevoll på søndager

Representanten **Sigbjørn Framnes** (FRP) har stilt slikt spørsmål:

Slik jeg har forstått det går det på sommeren en ferge nr 2 til Austevoll på søndager. Hva ville den årlege kostnaden blitt om dette tilbudet ble gitt alle søndager i året? Er det andre grunner enn økonomiske prioriteringer, som ligg til grunn for at dette berre er et tilbud om sommeren?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Austevoll har historisk hatt høgare etterspurnad knytt til ferie- og fritidstrafikk på sommaren enn på vinteren, og såleis også eit styrka tilbod på sommarstid. Det vert anslått kostnadene på nærmere to millionar kroner ekstra per år for gjennomføring av ekstra søndagsturar i perioden frå og med november til og med mars månad. Det vert teke etterhald om dette kostnadsnivået - spesielt med grunngjeving i klargjering av skiftutfordringane for drift av ferja.

I 2018 vart det inngått ny kontrakt med to nye ferjer, og kapasiteten vart auka på sambandet samanlikna med 2017. Regulariteten har vore god og ferga har vore punktleg, og det er i praksis ikkje gjenståande bilar i sambandet.

Ser ein på trafikktal frå 2018 og fram til starten på perioden med Covid-19, er det relativt liten variasjon i søndagsetterspurnaden i sambandet målt gjennom heile året, men ein noko lågare trafikkstraum av bilar i dei tre vintermånadane.

## **SI 70/20 Spørsmål frå Framnes(FRP) - Busskur i nordende av Opsangervatnet.**

Representanten Sigbjørn Framnes (FRP) har stilt slike spørsmål:

Som dere ser på vedlagt kartutsnitt er det eit busstopp/busslomme på FV44(gml.vegnr.) Her blir ventande passasjerar gjennomspylte når det blæs sønnavind eller sydaust. Det er eit lokalt ønske om å få på plass eit busskur så snart som mogleg, stoppet ligg på Husnes som er det mest befolka området i Kvinnherad kommune.

Ligg det ein plan for å sette opp busskur på det aktuelle busstoppet? Om ikkje er det moglegheit for å prioritere dette inn så snart som mogleg?

### Fylkesdirektør infrastruktur og veg:

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har saman med fylkesdirektør for mobilitet og kollektiv sett ned ei faggruppe med deltakarar frå avdeling for mobilitet og kollektivtransport (MOK), Skyss og avdeling for infrastruktur og veg (INV). Gruppa har mellom anna som mandat til å tilrå kollektivtiltak innanfor dei årlege fylkeskommunale budsjettet. I budsjettet for 2021 er det sett av 22,5 mill. kr til kollektivtiltak utanom Bergen. Spørsmålet om å prioritere ei etablering av busskur på den aktuelle haldeplassen (fv. 44, gml. vegrn.) vil bli vurdert opp i mot andre søknader om kollektivtiltak i Vestland. Det blir gjort merksam på at gruppa har ikke mange søknader, men at budsjettet har avgrensa storleik.

## **SI 71/20 Spørsmål frå Brosvik (KRF)- Busstilbod når ekspressbuss-tilbod blir kutta**

Representanten Trude Brosvik (KRF) har stilt slike spørsmål:

Gjeld busstilbod når ekspressbuss-tilbod blir kutta

I gamle Sogn og Fjordane har det vore heller lite dobbelkjøring av buss, på den måten at det går både fylkeskommunal buss og ekspressbuss tilnærma samtidig. Ekspressbussane har i stor grad vore utfyllande tilbod langs riksveg-rutene.

Som følgje av dei utfordringane kollektivtransporten har grunna Covid-19, ser vi at fleire ekspressbussruter blir lagt ned. Sist er dette synleggjort i Fjordenes Tidende 18.11.20, der korrespondansen frå snøggbåten frå sør med buss frå Måløy mot Eid er tatt vekk. Dette råkar fleire elevar frå kystkommunane som nyttar bussen for å kome seg til hybelen /skulen sin. For nokre gjeld det kanskje berre søndag kveld, men for fleire gjeld det fleire dagar, då deler av opplæringa skjer med praksis i heimkommunen og noko på skulen.

Kva ansvar har fylkeskommunen for å sette inn ruter i slike tilfeller? Er det gjort nokre tiltak for å utbetre situasjonen, i alle fall for dei som er elevar i vidaregåande skule og som er avhengige av denne korrespondansen / bussruta? Er Måløy eit enkeltståande tilfelle, eller er dette ein situasjon fleire plassar i fylket?

## Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport

Rutetilbodet i Sogn og Fjordane er utforma med tett samspel mellom fylkeskommunal ruteproduksjon og andre (kommersielle) transportaktørar for å utvikle eit godt og heilskapleg kollektivtilbod gitt marknaden i desse områda (ref. RTP). Dette har vore og er ei utfordring i perioden med Covid-19, sidan dei kommersielle selskapa står fritt til å innstille sitt tilbod ved sviktande passasjergrunnlag. Innstillingane skjer gjerne med kort varsel. Ein har gjennom heile perioden følgt nøye med på dette. Det fylkeskommunale rutetilbodet er kontinuerleg justert og tilpassa. Første prioritert har vore å sikre den lovfesta retten til skuleskyss for dei som har dette. Vidare har ein justert tilbodet for å skape best mogleg samanheng i dei rutene som til ei kvar tid har vore operative.

Vi er kjend med at skuleelevar ved Måløy har utfordringar når aktuelle kommersielle avgangar er innstilte. Dette er ikkje elevar som har rett på fri skuleskyss, men likevel ein lei situasjon for dei som ønsker å reise kollektivt til skulen. Vi er per no ikkje kjent med at det er fleire plassar i fylket der skuleelevane ikkje kjem seg til/frå skule eller hybel. Ein del elevar kan få lenger reisetid pga. innstilte avgangar, og ein del strekningar får eit dårlegare rutetilbod pga. innstilte kommersielle avgangar.

Sidan det er prosessar på nasjonalt nivå med krisepakkar til dei kommersielle transporttilbydarane, har ein vore noko etterhalden med å erstatte det kommersielle tilbodet med fylkeskommunal produksjon.

## **SI 72/20 Spørsmål frå Valvatne(A) - Hyllestad : store utfordringar med standaren på det sekundære fylkevegnettet**

Representant Per Jarle Kosior Valvatne (A) har sendt spørsmål til møtet i SAMO 25.11.2020. I e-post datert 19.11.20 skriv han:

«Hyllestad er ein av dei kommunane som har store utfordringar med standaren på det sekundære fylkevegnettet. Mange av vegane deira er kun klassifisert for kjøyretyg opp til 12,5 meter. Dette gjer det vanskelge for verksemndene i kommunen å drive effektivt då kostnadane med transport vert monaleg høgare enn om ein kunne kjørt med lengde 19,5. Hyllestad næringsråd har fått utarbeida ein oversikt over mindre utbetringar som kan gjerast for å oppklassifisera deler av vegnettet. Denne rapporten er formidla til vår vegavdeling. Kva er status på dette arbeidet? Vil enkelte av desse strekningane vera prioritert av administrasjonen?»

Svar frå fylkesdirektøren:

Fylkesdirektør for samferdsel hadde møte med Hyllestad kommune 05.10.2020 der fleire av problemstillingane som er teke opp i spørsmålet til Valvatne blei drøfta.

Fylkesdirektøren har sett på dei vegane som er høgst prioriterte av Hyllestad kommune, for å gjere ei skjønsmessig vurdering av om bruksklassane kan endrast og kva som eventuelt må til for å kunne endre bruksklassane. Utan at noko er bestemt, har vi gjort overslag over kostnadane på dei ulike tiltaka som er spelte inn frå kommunen. Desse tiltaka er såpass kostbare at det må setjast av midlar til dei i komande budsjetta dersom dei skal gjennomførast.

Bruksklassane på vegnettet er regulert i veglistene. Veglistene er det Statens Vegvesen som har ansvaret for, og desse vert oppdaterte to gonger i året. Vestland fylkeskommune kjem med innspel om endringar på sine vegar. Fylkeskommunen får årleg inn mange saker med ynskje om å oppdatere vegklassen. For at ein veg skal få endra bruksklasse, må vegstandard, kurvatur, vegoppbygning, bruer og kulvertar vere dimensjonerte for dette. Dersom det ikkje er det, må ein gjere tiltak før ein kan endre bruksklassen.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med veglistene/endring av bruksklassar. Den skal vere tverrfagleg og kunne vurdere dei ulike vegstrekningane og svare ut innkommande saker, samt gje innspel til Statens vegvesen ved oppdateringar.

Vi kan ikkje per dags dato seie om vegane i Hyllestad kommune vert prioriterte, då vi må sjå på alle vegane i fylket under eitt.

## **SI 73/20 Spørsmål frå Merkesdal (A) - ved. F49 mellom Nordrepollen og Austrepollen i Kvinnherad**

Ruth Linda Merethe Monsen Merkesdal har i e-post av 20.11.2020 sett fram følgjande spørsmål:

«Spørsmål til fylkesadministrasjonen ved. F49 mellom Nordrepollen og Austrepollen i Kvinnherad  
Dei siste dagane har uværet herja over Vestlandet. Fleire kommunar har opplevd ras, flaum og stengte vegar.  
Ein av desse vegane er den svært ras-utsette strekningen mellom Nordrepollen, og Austrepollen. 17.  
november gjekk det eit nytt ras på denne strekninga. Dette er pendlarveg for både vaksne og born  
Det har vært uttalt å løyve midlar til prosjektet- og planarbeid på strekninga. Tidlegare Jondal Kommune gjekk  
inn med store midlar for å sikra ein bu- og arbeidsmarknadsregion  
I 2018 vart det utarbeidt rapport til grunnlag for trase val. Det ble også formidla at planarbeid for ny tunell  
skulle halda fram i 2019, og ein reguleringsplan skulle utarbeidast.  
Kor står planarbeidet i dag?  
Kan prosjektet få prioritert i Regional Transportplan? RTP»

Vårt svar:

På oppdrag frå dåverande Hordaland fylkeskommune utarbeida Norconsult i 2017 ein forprosjektrapport for eit nytt samband for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Forprosjektet rådde til å vurdere to alternativ, begge totalt om lag 4,5 km lange. Linje 1 inneber kryssing av Austrepollelva og ein tunnel på om lag 2,8 km til ein kostnad kalkulert til 651 mill. kr. (2017). Linje 6 inneber eit nytt tunnelinnslag like ved Folgefondtunnelen med ein tunnel på om lag 3,7 mill. kr og ein kostnad på 861 mill. kr.

Norconsult rådde til å greie ut desse to veglinjene med nærmere grunnundersøkingar for å ta stilling til kva for eit alternativa som burde veljast. Det går fram av rapporten at begge dei to linjene er utfordrande, og det er usikkert om alternativa er kan byggast.

Kommunane Jondal, Odda, Kvinnherad og Kvam stadfesta i brev datert 2. januar 2019 at dei ønska å forsøktere planarbeidet for å kome tidlegare i gong. Hordaland fylkeskommune signaliserte at det ikkje var ønskjeleg med forsøktering, men at det blei vurdert oppstart av planarbeidet gjennom omdisponering av planmidlar.

Etter dette såg ein behov for ein samla gjennomgang av prioriteringane av rassikringsprosjekta i Vestland fylke, og det vart difor ikkje starta opp arbeid med reguleringsplan for fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen.

For å få framdrift i prosjektet, er det starta opp eit geofagleg forprosjekt med grunnundersøkingar der dei to alternativa vert utgreidd vidare. Målet er å avklare kva for ei veglinje som vi skal gå vidare med i ein eventuell reguleringsplan. Intern frist er 1. februar 2021. Forprosjektet vil bli drøfta med kommunane, og inngår som kunnskapsgrunnlag til Regional transportplan 2022-2033.

Gjennom Regional transportplan for 2022-2033 skal vi avklare prioritering av rassikringsmidlane dei komande åra. Vi får då avklart vidare framdrift for fv. 49 Nordrepollen- Austrepollen.

## Politiske saker

### PS 97/20 Handlingsplan bru og ferjekai - prinsipp for vidare arbeid

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet stiller seg bak dei prioriteringksriteria som vert lagt til grunn for arbeidet med handlingsprogrammet, med særskilt fokus på bruer med høg skadeprioritet, samt store bruer og bruer med spesielt vedlikehaldsbehov. Utvalet sluttar seg også til at prioriteringkskriteriet for ferjekaier vil vere fare for at kaien (og dermed sambandet) vert stengt.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet er sterkt uroa over det store vedlikehaldsetterslepet på bruer og ferjekaier. Staten må bidra med auka løyvingar til fylkeskommunen for å redusere dette forfallet.

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

##### Avrøyting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet stiller seg bak dei prioriteringksriteria som vert lagt til grunn for arbeidet med handlingsprogrammet, med særskilt fokus på bruer med høg skadeprioritet, samt store bruer og bruer med spesielt vedlikehaldsbehov. Utvalet sluttar seg også til at prioriteringkskriteriet for ferjekaier vil vere fare for at kaien (og dermed sambandet) vert stengt.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet er sterkt uroa over det store vedlikehaldsetterslepet på bruer og ferjekaier. Staten må bidra med auka løyvingar til fylkeskommunen for å redusere dette forfallet.

### PS 98/20 Omklassifisering av ein del av E39 frå rundkøyring ved Heiane til Skjersholmane ferjekai i Stord kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at følgjande strekningar av E39 i Stord kommune vert omklassifisert til fylkesveg:
  - Ev39 hp50 m0 - m2728
  - Ev39 hp469 m0 - m95
  - Eg39 hp50 m0 - m2520
2. Fylkesutvalet legg til grunn at før vegen vert nedklassifisert til fylkesveg, skal den utbedrast i samsvar med tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer.

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

##### Avrøyting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

##### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tilrår at følgjande strekningar av E39 i Stord kommune vert omklassifisert til fylkesveg:
  - Ev39 hp50 m0 - m2728
  - Ev39 hp469 m0 - m95
  - Eg39 hp50 m0 - m2520

2. Fylkesutvalet legg til grunn at før vegen vert nedklassifisert til fylkesveg, skal den utbedrast i samsvar med tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer.

## **PS 99/20 Forslag til ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland**

### Forslag til innstilling

1. Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken.
2. Den nye forskriften trer i kraft 1.1.2021.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

#### **Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag til utsetjing:**

«Saka vert utsett. Hovudutvalet ber om at administrasjonen utarbeider nytt framlegg til forskrift basert på følgjande:

- At forskriften sikrer rett til tilrettelagt transport og for born under 10 år.
- At forskriften sikrar rett til tilrettelagt transport for personar som ikkje har høve til å nytte eksisterande kollektivtransport, både på kort og lang sikt.
- At forskriften sikrar rett til tilrettelagt transport der det er lite tilfredsstillande eller manglande kollektivtransport.
- At personar med varig funksjonsnedsetting ikkje treng søker på nytt.
- At personar med transportstøtte frå NAV ikkje får reduksjon i den fylkeskommunale kvoten»

### Avrøyting utsetjingsforslag

Djuvik sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og FNB) og fall.

#### **Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:**

«Endring:

Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.»

#### **Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, MDG og SV fram slikt forslag:**

«Alternativ setning i §2:

Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.»

#### **Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, MDG og SV fram slikt forslag:**

«Endring i § 4, andre avsnitt:

Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.»

#### **Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:**

«Endring av paragraf 2a: 2 år vert endra til 1 år

Endre Paragraf 2c til: Brukarar vert godkjend utan hensyn til alder

Paragraf 2: erstatte siste setning med: Manglande rutetilbod kan i særskilte høve vektleggast

Endre paragraf 4 til: Brukarar får godkjenning for 1 år for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller nårdet er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne. Brukarar medvarig sjukdom/nedsett funksjonsevne som er utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvariggodkjenning. Brukarar kan søkja om fornya godkjenning før godkjenningsperioden er over.

Paragraf 5: Nest siste avsnitt vert fjerna (støtte frå NAV)»

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og FNB) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Helle sitt forslag til alternativ setning i § 2 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Helle sitt forslag til endring i § 4 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken med desse endringane:

-Alternativ setning i § 2: Manglande rutetilbod vert ikkje veklagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass veklagt.

-Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.

-Endring i § 4, andre avsnitt: Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.

2. Den nye forskrifta trer i kraft 1.1.2021.

## **PS 100/20 Rapport frå ekspertutval: På veg mot eit betre bomsystem. Utfordringar og moglegheiter i det grøne skiftet. Høyringsinnspele frå VLK.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet ser rapporten frå ekspertutvalet som eit viktig underlag til ei forbetring av dagens bompengesystem.

2. Fylkesutvalet ser behovet for at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet, men ynskjer å avvikle tiltak som stimulerer til auke i biltrafikken. Reduserte takstar for elbil undergrev også finansieringsgrunnlaget for bypakkane. Fylkesutvalet støttar difor rapporten i at fritak og reduserte takstar for elbilar i bompengeprosjekt bør avviklast.

3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bilbruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.

4. Fylkesutvalet støttar at dei praktiske og juridiske løysingane for innføring av elektronisk vegprising vert utgreia vidare. Eit kilometerbasert vegprisingssystem kan gje betre balanse mellom nytte og kostnader, betre fordeling av den samla bompengebelastinga, og betre samsvar mellom bruk av og betaling for infrastrukturen.

5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

**Mona Høgli (MDG)** sette på vegner av MDG, A, SP, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkesutvalet ser at rapporten frå ekspertutvalet kan vere eit eit viktig underlag til ei forbetring av dagens bompengesystem. Det er likevel ein langt større kompleksitet i dei mange og ulike bompengeprosjekta som ikkje blir godt nok belyst i rapporten. Det er viktig å vere merksam på dei ulike utfordringane som ligg i bompengepakkene som er etablert for å bygge eller vedlikehalde vei og bompengepakkene som er etablert for å redusere biltrafikk inn til dei store byane. Fylkesutvalet vil begrense seg til å gi innspel på dei problemstillingane som er reist i rapporten.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slik forslag:

«Alternativ punkt 2:

For å nå målsetting om reduksjon i klimagassutslipp er det eit mål at fossile køyretøy og bilar vert erstatta med nullutsleppskøyretøy og elbilar. Derfor er det naudsynt at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil og nullutsleppskøyretøy gjennom avgiftssystemet. Fylkesutvalet meiner det er hensiktsmessig å kunne differensierte bompengesatsene basert på tid og kapasitetsutfordringar i vegnettet (rushtidsavgift), samt køyretøyas miljøstandard, slik som redusert pris for elbilar. Differensierte satsar må alltid sjåast opp mot dei totale måla om kutt i klimagassutslipp, lokal forureining, kø og kapasitetsutfordringar i vegnettet og inntektskrav i bompengeprosjektet. Ei totalvurdering basert på desse kriterium må avgjere om fordelane for elbilar og andre miljødifferensierte satsar skal skjerpast eller avviklast i kvart einskilde bompengeprosjekt.»

**Mona Høgli (MDG)** sette på vegner av MDG, A, Krf og SP fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2:

Fylkesutvalet ser behovet for at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet. Det er ei utfordring at reduserte takstar for elbil i bomringane undergrev finansieringsgrunnlaget for bompengepakkane. Fylkesutvalet meiner likevel det er viktig at det blir ein gradvis auke av takstar for elbilar for å sikre så rask overgang som mogleg til utsleppsfree køyretøy. Fylkesutvalet meiner det er hensiktsmessig å kunne differensierte bompengesatsene basert på tid og kapasitetsutfordringar i vegnettet (rushtidsavgift), samt køyretøyas miljøstandard. Det er samstundes viktig at lokale tiltak for å få høgare elbilandel ikkje blir avvikla før det er sikra at elbilfordeler blir oppretthaldne eller styrka nasjonalt.»

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slik forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tek rapporten frå ekspertutvalet til vitande.
2. Fylkesutvalet ser ikkje behovet for at det lenger vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet, og støtter rapporten i at fritak og reduserte takstar for elbilar i bompengeprosjekt bør avviklast.
3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bilbruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.
4. Fylkesutvalet ser ikkje grunnlag for å gå vidare med utgreiing av innføring av elektronisk vegprising, og ber om at ein heller ser på ordningar for å begrense og på sikt avvikle brukarfinsansiering av vegbygging.
5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slik forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet vil også vise til at nullvekstmålet tilseier at auken i persontransport i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Det er ein målkonflikt at bompengar vert nytta til å finansiere tiltak som skal redusere bilbruken, fordi i det man lukkast, så vil ein ha ei finansieringsutfordring. Fylkesutvalet vil derfor løfte fram at i dei tilfella der ein lukkast med å nå nullvekstmålet og reduserer biltrafikken i tråd med nasjonale og lokale mål, så må dei manglende inntektene kompenserast med statlege midlar.»

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 2 røyster (1 Sp og 1 H) og fall.

Høgli sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Hammer sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (SV og 1 A) og fall.

Høgli sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Innstillinga punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Innstillinga punkt 3,4 og 5 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Hammer sitt forslag til nytt punkt fekk 7 røyster (SV, A, MDG og Krf) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ser at rapporten frå ekspertutvalet kan vere eit eit viktig underlag til ei forbetring av dagens bompengesystem. Det er likevel ein langt større kompleksitet i dei mange og ulike bompengeprosjekta som ikkje blir godt nok belyst i rapporten. Det er viktig å vere merksam på dei ulike utfordringane som ligg i bompengepakkene som er etablert for å bygge eller vedlikehalde vei og bompengepakkene som er etablert for å redusere biltrafikk inn til dei store byane. Fylkesutvalet vil begrense seg til å gi innspel på dei problemstillingane som er reist i rapporten.
2. Fylkesutvalet ser behovet for at det framleis vert stimulert til kjøp av elbil gjennom avgiftssystemet. Det er ei utfordring at reduserte takstar for elbil i bomringane undergrev finansieringsgrunnlaget for bompengepakkene. Fylkesutvalet meiner likevel det er viktig at det blir ein gradvis auke av takstar for elbilar for å sikre så rask overgang som mogleg til utsleppsfree køyretøy. Fylkesutvalet meiner det er hensiktsmessig å kunne differensiere bompengesatsene basert på tid og kapasitetsutfordringar i vegnettet (rushtidsavgift), samt køyretøyas miljøstandard. Det er samstundes viktig at lokale tiltak for å få høgare elbilandel ikkje blir avvikla før det er sikra at elbilfordelar blir oppretthaldne eller styrka nasjonalt.
3. Fylkesutvalet viser til at køyring i kollektivfelt bidreg til auka bil bruk og redusert framkome for kollektivtrafikken, og støttar difor ekspertutvalet i at ordninga på sikt bør avviklast. Det bør heller vurderast 2+ og/eller prioritering av næringstransport i kollektivfelt.
4. Fylkesutvalet støttar at dei praktiske og juridiske løysingane for innføring av elektronisk vegprising vert utgreia vidare. Eit kilometerbasert vegprisingssystem kan gje betre balanse mellom nytte og kostnader, betre fordeling av den samla bompengebelastinga, og betre samsvar mellom bruk av og betaling for infrastrukturen.
5. Av omsyn til fordelingsverknadene sluttar Fylkesutvalet seg ikkje til at moglegheit for timesregel og passeringstak vert fjerna.

**PS 101/20 Omklassifisering og opptak av veg - fv.5180 Lilandsvegen og kv. 3019 Lønningsvegen - Bergen kommune**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5180 S1D1 m570 - m1782 vert omklassifisert til kommunal veg. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstille tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjetten.
2. Fylkesutvalet vedtek at kv. 3019 S1D1 m0 - m815 vert tatt opp som fylkesveg. Før vedtak om opptak av kommunal veg trer i kraft må vegen bli sett i stand. Dette skal skje ved at trafikkdelar mellom gang- og sykkelveg og veg for motortrafikk får fylt på jord og etablert grasdekke frå kv. 3019 S1D1 m0 - m260.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

##### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

##### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5180 S1D1 m570 - m1782 vert omklassifisert til kommunal veg. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstille tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjetten.
2. Fylkesutvalet vedtek at kv. 3019 S1D1 m0 - m815 vert tatt opp som fylkesveg. Før vedtak om opptak av kommunal veg trer i kraft må vegen bli sett i stand. Dette skal skje ved at trafikkdelar mellom gang- og sykkelveg og veg for motortrafikk får fylt på jord og etablert grasdekke frå kv. 3019 S1D1 m0 - m260.

## **PS 102/20 Reviderte retningslinjer for tilskotsordningar til trafikktrygging i Vestland fylke**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til dei føreslegne endringane i retningslinene for tilskotsordningane til trafikktrygging i Vestland. Fylkestinget ber om at endringane vert innarbeidde i retningslinene.

#### **Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 16.11.2020**

##### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

##### **Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet**

1. Fylkestinget sluttar seg til dei føreslegne endringane i retningslinene for tilskotsordningane til trafikktrygging i Vestland. Fylkestinget ber om at endringane vert innarbeidde i retningslinene.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

##### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

##### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til dei føreslegne endringane i retningslinene for tilskotsordningane til trafikktrygging i Vestland. Fylkestinget ber om at endringane vert innarbeidde i retningslinene.

## **PS 103/20 Bruk og endringar i disponeringa av FTU-midlar 2020**

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar ny disponering av kr. 150.000 under løvingsnivå FTU-midlar, opphavleg sett av til russearrangement i Grieghallen. Pengane vert stilt til disposisjon for arbeidet med nettside for russen i Vestland.

### **Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 16.11.2020**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

**Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar ny disponering av kr. 150.000 under løvingsnivå FTU-midlar, opphavleg sett av til russearrangement i Grieghallen. Pengane vert stilt til disposisjon for arbeidet med nettside for russen i Vestland.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar ny disponering av kr. 150.000 under løvingsnivå FTU-midlar, opphavleg sett av til russearrangement i Grieghallen. Pengane vert stilt til disposisjon for arbeidet med nettside for russen i Vestland.

## **PS 104/20 Forlenging av Hjertesone-prosjektet i Bergen**

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til at Hjertesone-prosjektet i Bergen vert forlenga ut 2021.
2. Fylkeskommunen vil bidra med kr. 250.000 for å finansiera forlenginga. Hovudutvalet ber om at løvinga vert innarbeidd i sak om fordeling av FTU-midlar for 2021.

### **Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 16.11.2020**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

**Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til at Hjertesone-prosjektet i Bergen vert forlenga ut 2021.
2. Fylkeskommunen vil bidra med kr. 250.000 for å finansiera forlenginga. Hovudutvalet ber om at løvinga vert innarbeidd i sak om fordeling av FTU-midlar for 2021.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til at Hjertesone-prosjektet i Bergen vert forlenga ut 2021.
2. Fylkeskommunen vil bidra med kr. 250.000 for å finansiera forlenginga. Hovudutvalet ber om at løyvinga vert innarbeidd i sak om fordeling av FTU-midlar for 2021.

## **PS 105/20 Omklassifisering av ein gamal del av fv. 5190 Smøråsvegen i Bergen kommune**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5190 S1D10 m0 - m190 vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstille tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjettet.

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020**

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5190 S1D10 m0 - m190 vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstille tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjettet.

## **PS 106/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20**

Forslag til innstilling

Budsjettet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

## **Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.11.2020**

**Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag:**

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

## **Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samråystes vedteke.

## **Innstilling til finansutvalet**

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

## **Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Tiltak	Meirutg./mindreinni.	Meirinnt./mindreutg
		.
Ferjekompensasjon	55000000	
Skule-fond	15000000	
Miljøkoordinatorar	13000000	
TAF/YSK	2000000	
Toppidrett	600000	
Sommarskule/leksehjelp	1100000	
Ladestsjon langs fylkesvei	2000000	
innfartsparkering	6000000	
KODE	1100000	
Reklame buss/ferge		20000000
Administrativt innsparingsprogram		25000000
Sjølvprofilering, halvårsverknad		7700000
Utsetje merking av bussar		5000000
Skulepsykologar		2900000
Vaksine		2100000
Skulefrukost		10000000
Elev-PC, eigenandel		1900000
Oppfylling av klassar		5000000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek		1200000
Dispositionsfond		15000000
Total	95800000	95800000

Tilleggsframlegg investeringar fylkesvegar:

Tal i 1000 kr.

Prosjekt: Svelgen-Indrehus		
----------------------------	--	--

Totalt 2021-2024: 1 450 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	500 000	500 000	440 000
Finansiert med lån.			

Prosjekt: Atløysambandet			
Totalt 2021-2024: 1 000 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	330 000	330 000	330 000
Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga.			

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje budsjettert med auka inntekt frå fergekompensasjonsordninga på 55 mill kr før evt. Stortinget har vedtatt dette. Avsetting til disposisjonsfond vert redusert med 55 mill kr i 2021.
2. På område for Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer Finansutvalet følgjande prioriteringar;

